

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.04.2019

Handsaming i møtet

Kurs i regi av Deloitte:

Deloitte gjennomførte kurs i «Roller og rolleforståing i fylkeskommunal eigarskapsforvaltning» for kontrollutvalet, administrasjonen og sentrale politikarar.

Endring av møtedatoar:

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har invitert kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune til felles møte i Førde 06.05.2019. Det vert takka ja til invitasjonen og møtet som er avtalt 06.05.2019 i Bergen vert difor flytta til Førde.

Program for fellesmøtet kan vera:

- Prosjektleiar/fylkesrådmann, Rune Haugsdal, orienterer om status i arbeidet med regionreforma
 - Inkludert status samanslåing, avvikling, omdanning mv. av fylkeskommunalt eigde selskap
- Personvernombod, Marianne Seim, orienterer om status i arbeidet med ny personvernlov
- Omvising/orientering på Avdeling kultur, idrett og inkludering i Førde
- Drøfting av fellessaker t.d. reglement, budsjett, inkomne tilbod på revisjon

Møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vert halde i Førde 07.05.2019.

På bakgrunn av denne endringa vert 2-dagars møtet som er avtalt til 02. – 03.09.2019 endra til 1-dags møte 02.09.2019 i Bergen.

Desisjonssak i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane:

Kontrollsjef orienterte om desisjonssak av vedtak i fellesnemnda som er under utføring av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Møte i kontrollutvalet 6.05.2019 vert å halde i Førde 06.05. – 07.05.2019, med skisse til program som går fram over.
2. Møtet som er avtalt til 02. – 03.09.2019 vert endra til 1-dags møte 02.09.2019 i Bergen.